


Brukarretteiing – Registrera lag og organisasjonar på Radøy kommune sine nettsider og publisering av arrangement i kulturkalenderen


1. Gå inn på www.radoy.kommune.no og trykk på Sjå kalender for heile Nordhordland:




2. For å registrera laget ditt slik at du kan leggja ut arrangement utan førehandsgodkjenning eller for å henta passordet dersom du allereie er registrert, trykk på Lag og organisasjonar i menyen til venstre.

For å registrera nytt lag

3. Trykk på Ny oppføring for å registrera laget ditt.



4. Fyll ut skjemaet. Felt merka med stjerne (*) er obligatoriske. Trykk Lagre etter at skjemaet er fylt ut.
5. Du får no ei melding øvst på skjermen om at registreringa di er sendt til godkjenning. Webredaktør vil godkjenna laget så snart som råd, og når det er gjort finn du laget på sida. Du skal også få tilsendt ein e-post når laget er godkjend.
6. Trykk på Logg inn



7. Fyll ut e-postadressa du registrerte deg med, og tryk send passord. Passordet skal du no få tilsendt på e-post. Lim/skriv dette passordet inn i feltet Passord og tryk logg inn.
8. For å registrera nytt arrangement trykkjer du på lenka Registrer arrangement nedst på skjermen.
9. Fyll ut skjemaet og trykk på Send. Arrangementet vert no publisert på nettsidene utan godkjenning frå Radøy kommune. Det går gjerne litt tid før det er synleg på framsida. Det er difor viktig at du ikkje registrerer det ein gong til!
10. Alle dine arrangement legg seg i ein grå boks nede på sida. Her kan du redigera og sletta arrangement i ettertid.

